

# Flunkande nye Freddy-T-skjorter

**Tid: Laurdag**
**Stad: Sentrum**

**Younes og Selma Hansen Kheloufi opnar Freddy-sesongen på Maritim Sommarfestival.**

Saman med mamma Cathrin skal barna selje T-skjortene som kjem rykande ferske frå trykken til Sommarfestivalen .

T-skjortene er resirkulerte og trykt med Freddy-logo. Kvart år kastar nordmenn 150 000 tonn klede . Freddy er med på å redusere dette talet, ved å samle inn brukte T-skjorter, gi dei nytt trykk og selje dei med nytt design. Overskotet går uavkorta til freds- og utviklingsprosjekt.

## Freddy på festival

Freddy T-skjortene brukar å vere fast inventar på ulike festivalar, mellom anna vert dei selde på Hovefestivalen, Øya og festivalen Blå på Grünerløkka.

Ved å kjøpe ei Freddy t-skjorte medverker ein til å dempe den aukande avfallsmengda, samstundes som ein støttar eit godt formål.

I 2010 går overskotet frå salet til Jamdaha landsbyprosjekt. Prosjektet jobbar for å betre levevilkåra for innbyggjarane i landsbyen Jamdaha i staten Bihari Nordaust-India. Younes og Selma gler seg til å selje t-skjortene, og brukar dei ofte sjølve. Dei har også vore mannekengar med t-skjortene på seg på ein moteframsyning i Oslo.

– Vi synest dei er kule, og så er det kjekt å vite at det går til eit godt formål, seier Selma, som altså sel desse flotte t-skjortene på laurdag under Sommarfestivalen.



**kjøl og frys**

Kombiskap
**Electrolux ENB32633W**
- Kombiskap med Twin Tech teknologi for optimale oppbevaringsforhold.
- Glashyller/flaskehylle og lav temperatursone
- H 1.75 / B 59,5 cm
- Energiklasse A+

Fresh Frost Fredd

4.998,-

Fryseboks
**Electrolux ECN30103W**
- Nyttevolum 300 liter
- Temperaturalarm
- Lys, lås og hjul

3 korg

2.998,-

**komfyrar**

Komfyr
**Zanussi ZCC6653W**
- Energiklasse A
- Stor, tradisjonelle steikeomn
- Moderne, effektiv keramikktopp

4.498,-

